



Borna i **Regnbogen barnehage** vart inspirerte av barnebok-teiknar **Svein Nyhus**

– Han var morosam og

– Det var kjekt å sjå mannen teikna. Han var morosam og litt koko, flirer fire år gamle Lars Olavson Klette.

Lars var ein av dei som var med Regnbogen barnehage på kunstutstilling i Voss bibliotek denne veka. I ein boks med forstørta bilete frå barneboka «Snill», fekk dei møta illustratøren bak boka, Svein Nyhus.

– «Snill» er ei bok av kona mi, Gro Dahle, som eg har laga teikningar til. Boka handlar om jenta Lussi som er ei veldig snill og skikkeleg jente.

ROSAR UTSTILLINGA. Nyhus er ein velkjend teiknar og barnebokforfattar frå Tønsberg som har vunne mange prisar for sitt arbeid. Han reiser ofte rundt om i landet for å snakka med barn om bøkene sine.

– I samråd med «Den kulturelle skulesekken» reiser eg mykje rundt for å halda føredrag. Det er første gongen er er her på Voss, og eg må seia at arrangørane har gjort ein flott jobb med å stilla ut bileta til boka, seier Nyhus. Utstillinga er eit samarbeid mellom

Voss kunstlag og Voss bibliotek. Alle bileta i barneboka er forstørta til ein meter, og heng på fire lettvegger som dannar ein liten boks.

– Tanken er at utstillinga skal vera på høgd med borna. Dei kjem inn i ei eiga verd når dei går inn i boksen, som om dei trer inn i boka, forklarar Silje Stubø Solstad i Voss kunstlag som også jobbar i biblioteket.

STOR ENTUSIASME. Med stor entusiasme fortalde Nyhus historia om den

snille jenta Lussi ved å gå frå bilete til bilete. Borna, som hadde lese boka i barnehagen før, fylgde nøye med og stilte mange spørsmål undervegs. Dei hadde også mange tankar om kva det vil seia å vera snill.

– Snill er å ikkje slå, sa ei jente.
– Snill er å gje klemmar, svarte ein annan.

Særleg populært var det då Nyhus teikna for dei på ei tavle på tampen av føredraget.

– Han var veldig flink å teikna. Så